

HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 13.03.2017  
**Tid:** 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 06.03.17

Stig Arne H. Sævik  
Leiar


## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 16/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/17	Protokoll frå førre møte
PS 18/17	Søknad om RDA-midlar - Gurskøy IL ferdigstilling klubblokale
PS 19/17	Søknad om RDA-midlar - Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
PS 20/17	Søknad om RDA-midlar - Moltustranda idrettslag
PS 21/17	Søknad om RDA-midlar - Bergsøy IL hall
PS 22/17	Søknad om RDA-midlar - Tjørnvåg IL klubbhus
PS 23/17	Søknad om RDA-midlar - Tjørnvåg idrettslag 7er hall
PS 24/17	KN-sak5/17 - administrativ vurdering av vedtaket
PS 25/17	Tilskot frå kommunalt næringsfond - Fostech AS
PS 26/17	U.off. §13 - Stønad frå Kommunalt næringsfond - Moe Helse AS



**PS 16/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 17/17 Protokoll frå førre møte**



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1518
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - GURSKØY IL FERDIGSTILLING KLUBBLOKALE

#### Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 250.000,-. Tiltaket er ihht. Handlingsplan 2017 *mål 1.b., 1.c og 3.a.*

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:  
Gurskøy IL v/ Oline Kleppe  
Økonomiavdelinga

Kleppane

6080 Gurskøy

**Vedlegg**

- 1 Søknad om innreiing/innvendig byggearbeid av drifts- og klubblokale Gurskøy Idrettslag
- 2 Prosjektskildring Gurskoey IL Innreiing klubblokale\_RDA

**Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:

*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 250.000,- til Gurskøy IL sitt prosjekt til ferdigstilling av innreiing/ innvendig byggearbeid av drifts- og klubblokale. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b., 1.c og 3.a.*

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 03.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

**Prosjektnavn**

Innreiing/ innvendig byggearbeid av drifts- og klubblokale Gurskøy idrettslag

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Gurskøy idrettslag		Kontaktperson: Oline Kleppe	
Adresse: Kleppane		Postnr.: 6080	Poststed: GURSKØY
Mobil: 92289447	Telefon: -	Telefon arbeid: -	
E-post: olinekleppe@gmail.com		Bankkonto: 3909.30.15162	
Organisasjonsnummer: 991946284			

**Prosjektinformasjon**

Type virksomhet / type støttmottaker

Gurskøy idrettslag

Forretningside / mål og innhold med prosjektet

Innvendige byggearbeid og innreiing av kjellaren under skuletilbygg, vert gjennomført av Gurskøy IL som får disponere lokala.

Kjellaren vil ha følgjande rom:

1. Garasje for ATV og utstyr knytt til vedlikehald av kunstgrasbana og stadion,
2. Lager til ballar, drakter, småmål etc
3. HCWC - universelt utforma toalett på nedre plan
4. Kiosk m/lagerareal - matsal i samband med miniturneringar, kampar
5. Møterom/samlingsrom. idrettslaget og andre lag og foreiningar vil ha møter, kurs og opplæring

Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttmottaker

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01. Røyrleggearbeid	110 000
02. Ventilasjon	135 000
03. Elektroarbeid	150 000
04. Snikkararbeid inkl. isolasjon, golv, vegg	295 000
05. Kjøkkeninnreiing inkl. kvitevarer	70 000
06. Øvrig innreiing lager og garasje etc.	70 000
07. Administrasjon	35 000
08. Uforutsett/kostnadsauke	85 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>950 000</b>



**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>SUM</b>
01.Tilskudd frå næringsfondet - RDA midlar	250 000
02.Eigenkapital	150 000
03.Eige arbeid	80 000
04. Tippemidlar	150 000
05. Momskompensasjon varer og tenester	30 000
06. Kulturmidlar frå Herøy kommune	40 000
07. Sponsormidlar (ev. eigenkapital/lån viss ikkje	250 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>950 000</b>

**Tilskudd fra andre**

Vi vonar å få inn sponsormidlar til prosjektet og har søkt mellom anna Sparebanken Møre om tilskott, men har ikkje fått svar eller tilsagn med nokon endå. Når det gjeld eige arbeid er dette tenkt dugnad i samband med prosjektet på arbeid utanom dei fagoppgåvene som står i kostnadsoversikta, dette gjeld både i planlegging, bygggeoppfølging og overflatebehandling, innreiing og montering av hyller og kjøkkeninnreiing m.m.

**Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei**

**Begrunnelse avslag****Andre opplysninger**

Når det gjeld framdrift har vi henta inn tilbud på rør-, elektro-, ventilasjon- og snekkararbeid og satsar på å starte opp arbeidet så snart vi får klarsignal med Herøy kommune. Dei ønskjer å ferdigstille sitt byggjearbeid før vi kan starte.

Gurskøy IL har aktivitet for born og unge basert på dugnad. Dette lokale vil gje oss betre i stand til å drive dette viktige arbeidet, sjå vedlegg.

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedlegg**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Prosjektskildring Gurskøy IL Innreiing klubblokale_RDA.pdf	303 936	30.10.2016

# Gurskøy idrettslag

## Innreiing/innvendig byggjearbeid av drifts- og klubblokale



## 1 BAKGRUNN

Bygdefolket og dei ulike laga og organisasjonane på Leikong har i fleire år sett at både skulen i bygda, og storstova vår, Grendahuset, har hatt trong for utviding og oppgradering. Etter initiativ frå bygdefolket fekk vi kommunen med på eit sambruksprosjekt der kommunen står for tilbygg og rehabilitering av skulen og påbygging av Grendahuset, medan bygda har fått ansvar for å fylle grendadelen av bygget med innhald. Medan Gurskøy idrettslag får disponerer kjellarlokala under skuletilbygget til klubb- og driftslokale.

I løpet av dei siste åra har det vore stor tilflytting og ein positiv befolkningsvekst på Leikong. Elevtalet på skulen har hatt ei jamn auke, og har auka frå 50 til 80 elevar på få år. Leikong har vorte ein attraktiv stad å flytte til for barnefamiljar i etableringsfasen. Leikanger Grendahus vart bygt i 1980 og er den store møtestaden i bygda, med eit mylder av aktivitetar frå lag og foreiningar på kveldstid og i helgane. Gurskøy idrettslag (GIL) nyttar gymsalen i Grendahuset til aktivitetar som barnegymsal, saltrim og fotballtreningar om vinteren når det er behov for treningar innandørs. I tilknytning til Grendahuset ligg 7'ar kunstgrasbana vår som vart opna i 2013.

I 2013 starta ei prosessen med å kartleggje utfordringane og behova til alle huset sine brukarar, og samanstillte desse. Ei arbeidsgruppe utførte behovsanalyse gjennom spørjeskjema og intervju med dei ulike brukargruppene, og i tillegg vart det gjennomført eit skuleprosjekt og folkemøte. Leikanger skule vart også drege med i prosjektet for å kartlegge skulen sitt areal- og funksjonsbehov.

Arbeidsgruppa såg at ein, gjennom å tenke sambruk, kan oppnå ei rimeleg fellesløyving, som imøtekjem dei fleste behova som kom fram i brukarundersøkingane. Resultatet har munna ut i eit stort sambruksprosjekt med påbygging av Leikanger skule, utviding av Leikanger Grendahus og klubb- og driftslokale for Gurskøy idrettslag i kjellaren på skuletilbygget.

Sjølv utbygginga er finansiert og gjennomført av Herøy kommune med eit økonomisk bidrag frå Leikanger Grendahus og dei øvrige laga i bygda på 1 000 000 kr. At Leikanger Grendahus kunne stille ein garanti på 1 million kroner til rådvelde for prosjektet var nok det som tippa saka i Leikong sin favør i kommunestyresalen.

Sjølv om Herøy kommune står for sjølv utbygginga av huset står det framleis at eit betydeleg prosjekt for bygdefolket med tilrettelegging og innreiing av lokala. Sjølv skuletilbygget vil Herøy kommune syte for, men alt det innvendige byggarbeidet i kjellaren på skuletilbygget, samt oppgradering av Grendahuset må bygdefolket ta seg av.

For å best organisere dette er bygda sine oppgåver delt i to delprosjekt:

1. Oppgradering av Grendahuset med nytt storhushaldskjøken og nye bord og stolar vert gjennomført av foreininga Leikanger Grendahus
2. Innvendige byggarbeid og innreiing av kjellaren på skuletilbygget vert gjennomført av Gurskøy idrettslag. Dette omfattar elektrisk anlegg, ventilasjons-, snekkar-, og røyrleggararbeid, samt maling, møblering, kjøkken, lager etc.


Den følgjande prosjektskildringa gjeld delprosjekt 2 – Innreiing av klubblokale for Gurskøy IL.

## 2 PROSJEKTSKILDRING


### 2.1 Omfang

Kjellaren i skuletilbygget vil i hovudsak bli nytta av GIL i samband med aktivitetar knytt til Gurskøy stadion, samt øvrig drift av laget og mogleg treningstilbod for bygdefolket. Fasade og plan for lokala er vist i Figur 1 og Figur 2. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget. Sjølv om kommunen stiller sjølve bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. Lokalet vil bli stilt til disposisjon frå kommunen som eit tomt skal utan innlagt varme, elektrisitet, vatn, ventilasjon eller innvendig snikkararbeid som veggjar, himlingar eller behandling av golv og innvendig isolering av veggjar. Kjellaren vil innehalde følgande rom:

1. Garasje for ATV og utstyr knytt til vedlikehald av kunstgrasbana og stadion, samt gunstig lokale for vedlikehald og reparasjon av dette utstyret (stort lager i Figur 2).
2. Lager til utstyr for fotballtreningar og anna aktivitet på stadion, som ballar, drakter, småmål etc (lite lager i Figur 1).
3. HCWC. Eksisterande HCWC på grendehuset vil bli sanert. Nytt HCWC knytt til skule/grendehus vil bli på øvre plan utan heistilkomst frå stadion. Det er difor ynskjeleg med universelt utforma toalett på nedre plan. Dette vil vere viktig for enkel tilgong til WC for både utøvarar og tilskodarar i det daglege, men særskilt for funksjonshemma.
4. Kiosk m/lagerareal. Frå kiosken vil det bli matsal i samband med miniturneringar, kampar og andre aktivitetar knytt til Gurskøy stadion. I tillegg vil kjøkenlokalet bli nytta til matservering ved ulike arrangement i laget som fotballavslutningar og andre sosiale tilstellingar.
5. Møterom/samlingsrom. Romet vil avlaste lisjesalen på grendehuset som møterom, og auke kapasiteten for aktivitetar i bygda. Her kan idrettslaget og andre lag og foreiningar i bygda ha møter, mindre samlingar, fotballavslutningar etc. Romet kan også nyttast som kafédel i samband med matsal frå kiosken under turneringar og kampar. For eit lite idrettslag der all drift er basert på dugnad vil det å ha eit lokale der ein enkelt kan gjennomføre kurs og opplæring av mellom anna trenarar vere viktig.
6. Trimrom. På sikt håpar vi å få til eit trimrom med nokre trimapparat og styrketreningsutstyr som kan nyttast av bygdefolket. Innreiing av trimromet ligg ikkje inne i budsjettet i denne omgang.



Figur 1 Fasaden av «ny» Leikanger skule frå sør. Lokala som vert disponible for GIL er ringa inn.



Figur 2 Areal som vil bli stilt til disposisjon for Gurskøy idrettslag (frå venstre mot høgre); garasje (lager på teikninga), HCWC, lager, kiosk, garderobe (lager til kiosk), møterom/samlingsrom og disponibelt rom/trimrom.

## 2.2 Budsjett

Budsjettet for prosjektet er vist i Tabell 1.

Tabell 1 Budsjettoverslag innreiing av GIL-kjellar

Spesifikasjon	Prisoverslag NOK, inkl. mva
Rørleggararbeid	110 000,-
Ventilasjon	135 000,-
Elektroarbeid , inkl. golvvarme i varme delar av bygget	150 000,-
Snikkararbeid, inkl. isolasjon, golv, veggjar etc.	295 000,-
Kjøkkeninnreiing inkl. kvitevarer	70 000,-
Øvrig innreiing, lager, garasje etc.	70 000,-
Administrasjon	35 000,-
Uforutsett/kostnadsauke	85 000,-
<b>Totalt</b>	<b>950 000,-</b>

## 2.3 Finansieringsplan

Finansieringsplan for del prosjektet er vist i Tabell 2.

Tabell 2 Finansieringsplan GIL-kjellar.

Spesifikasjon	NOK
Eigenfinansiering, bokførte midlar	150 000,-
Dugnadsinnsats (400 t á 200,-/t)	80 000,-
Tippemidlar	150 000,-
Momskompensasjon varer og tenester	30 000,-
Kulturmidlar frå Herøy kommune	40 000,-
RDA-midlar	250 000,-
Sponsormidlar etc. *	250 000,-
<b>Totalt</b>	<b>950 000,-</b>

(\* Det er tenkt nytta eigenkapital/ lån viss ikkje vi klarer å få inn sponsormidlar).

## 3 ORGANISERING

Herøy kommune er byggherre for sjølve bygningsmassen og skuledelen av bygget, i samarbeid med ei referansegruppe der bl.a. Gurskøy idrettslag bidreg. Gurskøy IL vert kalla inn til møter etter behov.

Gurskøy idrettslag sitt delprosjekt er organisert som følgande:

Prosjektleder:	Oline Kleppe	Leiar GIL
Elektro og VVS, oppfølging byggearbeid	Kjetil Jøsok	Leiar vedlikehaldsgruppa GIL
Ventilasjon og snikkararbeid	Ingmar Jøsokbakke	Prosjektgruppa, snikkar
Planløyisingar, innkjøp	Gunn-Cisilie Jøsokbakke	Nestleiar og kasserar GIL
Finansiering	Bjørn Inge Taklo	Sekretær GIL

#### **4 FRAMDRIFTSPLAN**

Kommunen er i gang med sin del av prosjektet som etter planen skal ferdigstillast midt i oktober 2016. (No midt i november). Etter at kommunen/Gurskøy IL har overteke bygget vil Gurskøy IL setje i gong sin del av prosjektet.

#### **5 RESULTAT OG EFFEK TAR**

Ferdigstillinga av GIL-kjellaren vil gi idrettslaget eit stort løft med omsyn til tilgjengelege lokale og tilrettelegging for den daglege drifta. Den planlagde bygningsmassen vil kunne gje følgande positive effektar for idrettslaget og bygda elles:

- Forenkla vedlikehald og drift av kunstgrasbana og Gurskøy stadion, samt forlenging av levetid for driftsutstyr som no kan lagrast på ein forsvarleg måte.
- Auka kapasitet til kurs/ opplæring, møter og mindre samlingar, både for idrettslaget og andre lag som kan nytte samlingsromet.
- Ny kjøken/kioskfunksjon for kiosksal og ved mindre samlingar med matservering.
- Auka lagerkapasitet for fotballutstyr, drakter etc.
- Tilgang til handikoptoalett frå baneanlegget.

#### **6 GURSKØY IL**

Gurskøy Idrettslag, stifta i 1920, er eit fleiridrettslag som tilbyr organiserte aktivitetar innan m.a. fotball, fjelltrim og barnegym. I tillegg driftar Gurskøy Idrettslag to anlegg som er opne for både organiserte og uorganiserte aktivitetar; lysløypa på Leikongsetra/Kleppefurene og kunstgrasbane og ballbinge ved skule/grendehus. Idrettslaget er også medarrangør for det årlege sykkelrittet Gurskøya Rundt og Grendahelga, der vi for tredje året på rad arrangerte familieaktivitetar i lysløypa og motbakkeløpet Røddalshornet opp. Gurskøy Idrettslag hadde 239 medlemar i 2015.

- I 2016 har fotballgruppa 6 fotball-lag i aldersbestemte klasser, fordelt frå 6-16 år. Inkludert eit felles lag med Tjørnvåg IL for jenter 16 år. I tillegg treningar både for dei som er fødde i 2010 og 2011, inkludert også nokre born frå Myrvåg. Til saman over 80 spelarar, jamt fordelt mellom jenter og gutar.
- Trimgruppa driv opne tilbod i form av fjelltrim, dametrim, barnegym, sykkelløp og aktivitetar i lysløypa. Barnegym er tilbod til dei borna som er 4 og 5 år, der born også frå Myrvåg tek del.
- Lysløypa på Leikongsætra har plassert Gurskøy IL på kartet i heile regionen, og GIL har i dag ansvaret for drift av heile løypa.

GIL meiner at idrett og trim skal handle om samhald, nærleik og høyre til i ei bygd der det er rom for alle. Vi har ein god praksis med drift basert på dugnadsarbeid. Vi meiner GIL er viktig for lokalkultur og for å halde oppe og utvikle lokalsamfunnet.

**Gurskøy idrettslag og Leikongbygda håper dette prosjektet vil bidra til at Leikong vert ein endå betre stad å bu, slik at vi kan skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, halde fram med å vekse, og vere ein stad å trivast for alle i området. I fellesskap vil vi utvikle ein varig verdi for samfunnslivet i området.**



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2017/367
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS

#### Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 7.500.000,-. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b, 1.c, 2.a. og 3.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt



tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS v/ Tor Sindre Steinsvik, Steinsvikvegen 1, 6095

Bølandet

Økonomiavdelinga

## **Vedlegg**

1 Soknad-2015-0016.pdf

### **Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:

*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 7.500.000,- til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, samfunnsutvikling / infrastruktur, mål 1.b, 1.c, 2.a og 3.a.*

*Njål Sævik og Karl Petter Sortehaug fratredte grunnet habilitet i denne saken.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 03.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0016	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
<b>Prosjektnavn</b>	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS			

### Kort beskrivelse

Bidrag finansiering oppføring av Sunnmørsbadet Fosnavåg.

Finansieringsplan tilseier ei samla lånegjeld på MNOK 65,0. For å sikre at drifta går i balanse er det av vesentlig betydning at lånegjelda vert redusert til nivå kring MNOK 25,0.

### Prosjektbeskrivelse

Oppføring av badeland med fire separate basseng:

- 25 m konkurransebasseng med stupetårn,
- basseng med strandsone, bølgemaskin og strømningskanal,
- terapibasseng for trening, funksjonshemma og velvære,
- barnebasseng,
- sklier,
- kafeteria,
- god garderobekapasitet,
- badstu og steambad,
- jacuzzi.

Anlegget etablert i tilslutning til sentralt kultur-, idretts- og skuleområde med grunnskule, ungdomsskule, og vidaregåande skule. Kort veg frå sentrum med hotell, konserthus og gjestehamn.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS Org.nr:977 165 091	6090 FOSNAVÅG	905 62 840
<b>Kontakt- person</b>	Karl Petter Sortehaug	6090 FOSNAVÅG	905 62 840
<b>Prosjekt- leder</b>	-	-	-

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tippemidler MNOK 14,1 (2012 tilsagn, delvis forskottert av Herøy kommune)

Tippemidler MNOK 3,0 (avslag 2015)

RDA-tilskot Herøy kommune MNOK 130,0 (2013 - 2015)

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Prosjektet er i sluttfasen. Anlegget er teke i bruk den 15.03.2015. Det er i tidlegare søknadar gjort grundig greie for prosjektet og det vert vist til det.

### Prosjekt mål

Drive badeanlegg og badeoppleving for befolkninga i ein region på ca 75 - 100.000 innbyggjarar.

### Forankring

Anlegget er eigd av eit aksjeselskap med følgjande aksjonærar:

Herøy kommune	54,4%
Olympic shipping	15,7%
Havila Holding	15,7%
Herøy reumatikarforening	7,1%
Herøy sanitetsforening	7,1%

Selskapet og prosjektet har såleis breid forankring i lokalsamfunnet.

### Prosjektorganisering

Styre, dagleg leiar, prosjektleiar

### Samarbeidspartnere

Aksjonærane. Næringslivet.

### Aktivitetar

Badeopplevingar og badeglede.

### Målgrupper

Alle aldersgrupper. Familier. Personar med funksjonshemmingar. Skuleelevar. Arbeidstakarar og bedrifter.

### Resultat

Forventar positiv innverknad på folkehelse, høg andel barn ungdom med symjeferdigheiter, høg trivsel og god rehabilitering for personar med funksjonshemmingar, god trivsel for befolkninga og for tilflyttarar.

### Effekter

Positivt for folkehelse og trivsel. Gjer kommune attraktiv som arbeids- og bustadområde.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Prosjektet er ferdigstillt og teke i bruk 15.03.2015. Prosjektrekneskap er berekna avslutta 30.09.15.

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
	245 000					245 000 000
Prosjektsum totalt	0					
<b>Sum kostnad</b>	<b>245 000</b>					<b>245 000 000</b>
	<b>000</b>					

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>SUM</b>
Andel Herøy kommune	35 000 000					35 000 000
	60 800 000					60 800 000
	130 100					130 100 000
RDA tilskot	0					
Salg masser	5 000 000					5 000 000
Tilskot tippemidler	14 100 000					14 100 000
	245 000					
<b>Sum finansiering</b>	<b>000</b>					<b>245 000 000</b>

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1530
		Arkiv:	243

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
20/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG

#### Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 650.000,-. Tiltaket er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b., 1.c og 3.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Moltustranda idrettslag v/ Lars-Petter Rønnestad      6076 Moltustranda  
Herøy næringsforum v/ Geir Idar Kvalsvik  
Økonomiavdelinga

## **Vedlegg**

1 Søknad om stønad til Kunstgrasbane "Munkvoll"

### **Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 27.01.2017:  
*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 650.000,- til Moltu IL sitt prosjekt til bygging av 7er kunstgrasbane på Munkvoll. Med dette vil alle klubbane i Herøy ha kunstdekke. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b., 1.c og 3.a.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 03.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

Prosjektnavn
Kunstgrasbane Munkvoll

Kontaktopplysninger		
Prosjektansvarlig/ -eier: Molustranda Idrettslag		Kontaktperson: Lars-Petter Rønnestad
Adresse: -		Postnr.: 6076
		Poststed: MOLTUSTRANDA
Mobil: 45974360	Telefon: -	Telefon arbeid: 45974360
E-post: lprluton@gmail.com		Bankkonto: 3998 04 23429
Organisasjonsnummer: 993641359		

Prosjektinformasjon
---------------------

Type virksomhet / type støttemottaker  
Idrettslag

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Bygging av kunstgrasbane 7`er på Munkvoll. MIL har 80 aktive, sju fotballag. All aktivitet foregår på grasbana sommarstida, medan vi på vinterstid trenar på grus. Vi er i dag einaste klubben i Herøy utan kunstdekke, og ønskjer no ei kunstgrasbane for våre aktive der hvor grusbana i dag er lokalisert.

Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttemottaker

Kostnadsplan og finansieringsplan
-----------------------------------

**Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Projektkostnader	3 125 000
02.	0
03.	0
<b>Sum kostnad</b>	<b>3 125 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	1 000 000
02.Lån i bank	0
03.Egenkapital	500 000
04.Eget arbeid	62 500
05.Andre finansieringskilder	1 562 500
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 125 000</b>

**Tilskudd fra andre**

Herøy kommune om tippemidler og refundert mva.

**Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Ja**

Tilsvarande som i dag på liknande prosjekt, men då eit dyrare sidan det var søkt om 11`arbane på vår grasbane.

**Begrunnelse avslag**

Har aldri fått ein begrunnelse.

**Andre opplysninger**


Nei.

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedlegg**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1564
		Arkiv:	243

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
21/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - BERGSØY IL HALL

#### Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 1.500.000,-. Tiltaket er ihht. Handlingsplan 2017 *mål 1.b., 1.c og 3.a.*

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Bergsøy IL v/ Hallvar Ulfstein  
Økonomiavdelinga

Postboks 12

6090 Fosnavåg

**Vedlegg**

- 1 Søknad RDA-midler
- 2 Søknad RDA inkl. skisse

**Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:

*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 1.500.000,- til Bergsøy IL sitt prosjekt til bygging av idrettshall. Dette er eit liknande prosjekt som Tjørvåg IL også får innstillt og idrettslaga bør samarbeide om innkjøp dersom det har fordelar. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b., 1.c og 3.a.*

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 02.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

Prosjektnavn
HALL

Kontaktopplysninger		
Prosjektansvarlig/ -eier: Bergsøy IL Fotball		Kontaktperson: Hallvar Ulfstein
Adresse: Postboks 12		Postnr.: 6090
		Poststed: FOSNAVÅG
Mobil: 48180010	Telefon: -	Telefon arbeid: -
E-post: hallvar@huconsulting.no		Bankkonto: 39104439024
Organisasjonsnummer: 982513367		

Prosjektinformasjon
---------------------

Type virksomhet / type støttemottaker  
Idrettslag

Forretningside / mål og innhold med prosjektet  
Oppføring av idrettshall for å tilby barn og unge attraktive treningsfasiliteter.

Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttemottaker

Kostnadsplan og finansieringsplan
-----------------------------------

**Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Prosjektkostnader	11 250 000
02.	0
03.	0
<b>Sum kostnad</b>	<b>11 250 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	2 000 000
02.Lån i bank	3 550 000
03.Egenkapital	2 000 000
04.Eget arbeid	0
05.Andre finansieringskilder	3 700 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>11 250 000</b>

Tilskudd fra andre

Ingen

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Sjå vedlagte søknad for ytterligere informasjon.

**Geografi**

1515-Herøy

### Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Søknad RDA inkl. skisse.pdf	849 635	10.11.2016

# Bergsøy Idrettslag -Fotball

Pb. 12  
6099 Fosnavåg  
Tlf 70 30 44 30 / Mob 97 61 2301  
Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.com



Herøy Næringsforum  
Postboks 69  
6099 Fosnavåg

Fosnavåg, 29.09.2016

## SØKNAD OM TILSKUDD TIL BYGGING AV HALL

For å fortsatt klare å tilby barn og unge attraktive treningsfasilitetar ser vi at vi må tilby betre treningsvilkår enn det vi har i dag.

Kunstgrasbana, Havila Stadion Fosnavåg, klubbhuset og tribuneanlegget har alle vært vesentlige bidragsytarar til å få barn og unge til å delta på BIL Fotballs aktivitetar.

For at vi fortsatt skal klare å tiltrekke oss barn og unge som vil spele fotball er vi nøydt til å tilby enda betre treningsfasilitetar enn vi har i dag. Det er dessverre slik at enkelte barn og unge vel vekk fotball fordi det er en uteaktivitet. Altfor mange barn og unge vil ikkje drive med uteaktivitet fordi dei da må trene ute i all slags vær. Vi opplever stadig oftare at vi må stenge banene da vi opplever «slushforhold» på vinteren som så gjerne frys til over natta. Ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak tilpassar vi oss meir dagens forventningar til fasilitetar og vi vil nå enda fleire unge spillere. Vi skulle gjerne hatt langt fleire jenter som spiller fotball, og vi vet at blant annet rekruttering av jenter har økt mye der de har fått satt opp fotballhall. Hødd har allereie hatt innandørshall nokre år, og siste året har også Ørsta og Volda fått opna nye og flotte hallar. Desse klubbane har også bygd 7er haller.

Ved å bygge 7er hall der vi nå planlegger, vil vi ved enkle grep kunne oppretthalde en godkjent 11er bane på, sjå vedlegg. Dette innebærer at vi auker banekapasiteten ytterligere.

Bergsøy IL Fotball har etter realiseringa av kunstgrasbana, Havila stadion Fosnavåg og klubbhuset hatt en stor aktivitetsvekst. Banekapasiteten er på det næraste sprengd og dette er vi faktisk veldig glad for!

Klubbhuset blir nytta av alle dei ulike gruppene i Bergsøy IL.

Det viser at det er interesse for den aktivitet og idretts glede Bergsøy IL-Fotball forsøker å skape.

### Fleire bruksområder

I utgangspunktet er dette tenkt å være en innendørs fotballhall (39m x 70m)

Men vi har fantastiske fleirbruks muligheter som vil gagne hele vårt lokalsamfunn.

Vi ser for oss at hallen kan være aktuell for aktivitetar som messer og konsertar.

Skulen(e) som i dag er storbrukar av anlegga, vil nå også få et tilbud på dagtid i hall.

Når dei nye fasilitetane i klubbhuset stod klare til bruk til hausten 2013 blei FFO starta opp igjen. Å drive aktivitetar utomhus gjennom heile vinteren kan være utfordrande og dersom vi kan tilby innandørsaktivitetar øker vi kvaliteten på tilbudet ytterligere og vi vil få enda større muligheter til å drive allsidig idrett, og sist men ikkje minst så vil enda fleire finne tilbudet attraktivt.

Bergsøy IL-Fotball sitt absolutte hovudmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge. På det viset ønskjer vi å fremje folkehelsa og trivselen samt tilbudet til innbyggjarane i Herøy, noko som igjen vil gjere Herøy til ein enda betre stad å bu.

Skal Bergsøy IL Fotball klare eit slikt løft er vi avhengig av eit positivt samspel med mange ulike parter, inkludert Herøy Næringsforum. Til orientering vil Herøy kommune bli søkt om forskuttering



# Bergsøy Idrettslag -Fotball

Pb. 12  
6099 Fosnavåg  
Tlf 70 30 44 30 / Mob 97 61 2301  
Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsøy.com



av tippemidler og merverdiavgift. Vi vurderer også å søke om ein kommunal garanti for låneopptaket Bergsøy IL Fotball må ta opp i forbindelse med utbygginga.

Bergsøy Idrettslag meiner ei slik satsing vil være eit stort løft for kommuna vår, og vil også vere eit viktig bidrag i det som kallast Herøyløftet 2020.

Eit foreløpig kostnadsoverslag og finansieringsplan har vi skissert slik;

## Investeringsbehov:

Hall	5 000 000
Grunnarbeider	1 000 000
Betongarbeider	1 000 000
Kunstgress	1 000 000
Uforutsette kostnader	1 000 000
Byggekostnader ekskl. mva	9 000 000
25 % merverdiavgift	2 250 000

**Totalinvestering** **kr 11 250 000**

## Finansieringsplan:

MVA-kompensasjon	2 250 000
Spillemidler	450 000
Egenkapital	2 000 000
Sponsor	1 000 000
RDA-midler	2 000 000
Låneopptak og andre sponsorer	3 550 000

**Finansiering** **kr 11 250 000**


Basert på ovennevnte kostnadsoverslag og finansieringsbehov søker vi Herøy Næringsforum om kr. 2.000.000,- i tilskot.

Med helsing  
Bergsøy IL-Fotball

  
Hallvar Ulfstein

Bane- / halløysingar Bergsøy IL fotball





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/17
		Arkiv:	243

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - TJØRVÅG IL KLUBBHUS

#### Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett løyver ikkje midlar til dette prosjektet. Det vart sendt inn to søknadar frå idrettslaget og det prosjektet som bidreg mest til idrettsaktivitet vert prioritert ved tildeling av midlar.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Tjørvåg IL v/ Per-Magne Lillenes  
Økonomiavdelinga

Øyrahøgen 4

6070 Tjørvåg

## **Vedlegg**

1 Søknad om støtte til klubbhus

### **Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:

*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 0,- til Tjørnvåg IL sitt prosjekt til bygging av klubbhus. Der var 2 søknader fra idrettslaget og det prosjektet som bidrar til mest idrettsaktivitet vart prioritert. Hallen har beskrivelse med at den også innehar garderobefunksjon.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 02.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

**Prosjektnavn**

Søknad om støtte til klubbhus

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Tjørnvåg Idrettslag		Kontaktperson: Per-Magne Lillenes	
Adresse: Øyrahauget 4		Postnr.: 6070	Poststed: TJØRVÅG
Mobil: 99399992	Telefon: -	Telefon arbeid: -	
E-post: per-magne@gpmgarage.no		Bankkonto: 39096020558	
Organisasjonsnummer: 986439676			

**Prosjektinformasjon**

Type virksomhet / type støttemottaker  
Idrettslag

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Idrettslaget ynskjer å utvikle området ved Tjørnvåg stadion. Inneverande sesong er det ca 120 aktive fotballspelarar. Grunna stor aktivitet, er det eit behov for fleire garderober, toalett, møteplass og plass til å administrere idrettslaget. Fotball har blitt ein heilårsidrett. I tillegg ynskjer ein å tilføre fasilitetar som bygda ikkje har, selskapslokale og trimrom. Prosjektet ligg inne på Kommunedelplanen for ordinære anlegg 2015-2018. Sjå også vedlegg Søknad om førehandsgodkjenning.

**Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttemottaker**

Leiar i bygg og anlegg, Per-Magne Lillenes (sjå kontaktinfo over).

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Prosjektkostnader	17 000 000
02.	0
03.	0
<b>Sum kostnad</b>	<b>17 000 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	3 500 000
02.Lån i bank	4 150 000
03.Egenkapital	1 000 000
04.Eget arbeid	1 000 000

05.Andre finansieringskilder - Tippemidler	3 150 000
06. Gåver	1 000 000
07. Moms	3 200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>17 000 000</b>

**Tilskudd fra andre**

Gåver - dette vert det jobba med. Ingen konkrete summer pr. dato.

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? **Nei**

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Søknad om førehandsgodkjenning vart sendt i 2014 (vedlegg). Denne er no under revidering grunna at klubbhuset skal utvidast med integrert kiosk. I tillegg ynskjer ein trimrom på 100m<sup>2</sup> som gir kr. 500000 i tippemiddeltilskot. Etter synfaring på Bergsøy IL sitt klubbhus, ser vi og behov for auka lagerplass.

Bakvegg/mur (38m) for klubbhus er oppstøpt. Skal forlengast med 8m. Areal ferdig planert(80%).

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedlegg**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Søknad om førehandsgodkjenning klubbhus 2014.pdf	999 536	13.11.2016



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1377
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - TJØRVÅG IDRETTSLAG 7ER HALL

#### Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 1.500.000,-. Tiltaket er ihht. Handlingsplan 2017 *mål 1.b., 1.c og 3.a.*

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Tjørvåg IL v/ Jan Rune Dalsøren  
Økonomiavdelinga

Øyrahauget 7

6070 Tjørvåg



## Vedlegg

- 1 Søknad om RDA-midler til 7`er hall
- 2 Tjoervaag IL - Plantegning 44x65m Hall
- 3 Bilder av mulig plassering hall 1
- 4 Bilder av mulig plassering hall 2

## Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:

*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 1.500.000,- til Tjørvåg IL sitt prosjekt til bygging av idrettshall med tilhørende garderobe. Dette er eit liknande prosjekt som Bergsøy IL også får innstilt og idrettslaga bør samarbeide om innkjøp dersom det har fordelar. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.b., 1.c og 3.a.*

## Vurdering og konklusjon:

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 02.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

**Prosjektnavn**

Søknad om RDA midler til 7'er hall

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Tjørnvåg Idrettslag		Kontaktperson: Jan Rune Dalsøren	
Adresse: Øyrahauget 7		Postnr.: 6070	Poststed: TJØRVÅG
Mobil: 92624202	Telefon: -	Telefon arbeid: -	
E-post: janrune@metizoft.com		Bankkonto: 39096020558	
Organisasjonsnummer: 986439676			

**Prosjektinformasjon**

Type virksomhet / type støttmottaker  
Idrettslag tufta på dugnad

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Hall (str 7"er bane) med tilhørende garderobe i nærhet av Tjørnvåg Stadion.  
Tjørnvåg IL har i 2016 samarbeidslag både med Gurskøy IL og Moltustranda IL, både på jente og guttelag. Dette er samarbeid som vi ser for oss fortsetter i åra som kjem. I sesongen 2016 har vi også hatt eit 7"er senior lag med utelukkande innvandrings arbeidskraft. Dtte har medført at kapasiteten på Tjørnvåg Stadion er sprengt på vekedager i sesongen, i tillegg ligg det planer klare for stort bustadfelt i nærhet til stadion.

Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttmottaker

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Prosjektkostnader	500 000
02.Innkjøp	8 000 000
03.Arbeid	1 500 000
04.Grunnarbeid	2 000 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>12 000 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	3 500 000
02.Lån i bank	2 000 000
03.Egenkapital	2 000 000
04.Eget arbeid	1 000 000

05.Andre finansieringskilder	3 500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>12 000 000</b>

**Tilskudd fra andre**

- Momskompensasjon (kommunal byggherre eller evt. etablere AS)
- Max. tippemidler ifht 7"er hall 44x65m (3 500 000)
- Egenkapital (Sponsormidler fra bedrifter og andelsbrev frå privatpersoner)

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Summer er basert på innhenting av tall frå haller bygd i Ørsta og Volda (mest Ørsta sidan denne er mest lik den vi ser for oss å bygge).


Vi ser det som naturlig at Stokksund skule vil benytte hallen i skuletid sidan deira gymsal er svært begrensa.

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedlegg**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Bilder av mulig plassering hall 1.JPG	241 581	12.11.2016
Bilder av mulig plassering hall 2.JPG	260 902	12.11.2016
Tjørnvåg IL - Plantegning 44x65m Hall.pdf	157 912	12.11.2016



Szerkesztés		T.F.	
Rev.	Szerkesztő	Dato	Szám
<b>Törnvág II - Halli str 44 x 65m</b>			
<b>PLAN</b>			
Dato	Szám	Arány	Térlet
08.12.12	A.V	1:19	AD
		Formát	Térlet
		1:100	101
<b>HALLMAKER</b>			
www.ha.limaker.no			
STYNS. ARKITEKTSKAP AS 7224 MELAND TLF. 728653970 FAK 72865037			





## NOTAT

Til: Kommunestyret  
Komite for næring, kultur og idrett

Frå: Rådmannen

Saksnr  
2016/685

Arkivkode  
243

Dato  
09.02.2017

---

### **KN-SAK5/17 - ADMINISTRATIV VURDERING AV VEDTAKET**

Rådmannen viser til Kommunelova § 23 nr. 2 som seier at *Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Lovkommentaren til kommunelova utdjuar § 23 med at *ansvaret for å påse at en sak er tilstrekkelig utredet, omfatter også eventuelle rettslige tvilsspørsmål. Administrasjonssjefen vil derfor ha plikt til å gi uttrykk for det hvis han/hun mener at det er rettslige mangler ved et forslag til vedtak eller den saksforberedelse som har gått forut for dette. Mener administrasjonssjefen at et truffet vedtak er ulovlig, vil han/hun likeledes ha plikt til å gjøre vedkommende folkevalgte organ, og eventuelt kommunestyret eller fylkestinget, oppmerksom på dette.*

#### **Bakgrunn for saka**

Jensholmen Nord v/Kåre Jensholm søkte om støtte til etablering av molo tilbake i 2012. Søknaden gjaldt på det tidspunktet både ein flytande molo og ein steinmolo. Kåre Jensholm er registrert som styremedlem og kontaktperson for Jensholmen Nord på Brønnøysundregisteret. Rådmannen går ut frå at Kåre Jensholm har hatt naudsynte fullmakter til å søkje på vegne av Jensholmen Nord og har ikkje krevd dette dokumentert.

Søklar har frå 2012 til vedtaket i 2016 kome med ny/endra informasjon/søknadar gjennom utsending av brev og e-postar til ulike partar. Søknaden frå 2012 har aldri blitt registrert på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) slik kommune krev og eventuelle endringane er då ikkje fanga opp av kommunen sitt arkivsystem.

Herøy næringsforum innstilte i møte 18.03.2016 fylgjande:

*Styret oppfordrer Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering til å slutføre denne flotte båthavna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Styret ser heller ikkje at dette er eit breidt nok /allmenyttig nok prosjekt å innstille RDA midlar til.*

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 23.05.2016, sak 42/16:  
*Komite for næring, kultur og idrett ber om at styret i Herøy Næringsforum ser på søknaden på nytt særleg i forhold til at moloane skal vere opne for publikum og at det vert lagt til rette for funksjonshemma, for gjestebrygge, servicebygg og tanking.*

Herøy næringsforum gjorde slik vurdering 30.09.2016:  
*Styret i Herøy Næringsforum opprettheld tidlegare innstilling på søknaden frå Jensholmen Nord.*

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 21.11.2016, sak 70/16:  
*Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.*

Etter vedtaket i komite for næring, kultur og idrett 21.11.2016 vart det oppdaga av rådmannen at det låg føre ein revidert søknad om RDA-midlar datert 24.09.2016. Det var denne som låg føre når Herøy næringsforum gjorde si innstilling 30.09.2016. Denne søknaden hadde ikkje blitt sendt til kommunen for journalføring verken før møtet i Herøy næringsforum eller før møtet i komite for næring, kultur og idrett 21.11.2016. Rådmannen hadde såleis ikkje anna val enn å påpeike dette for leiar og nestleiar i komiteen og melde saka opp på nytt, jf. kommunelova § 23 nr. 2.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde nytt vedtak 12.12.2016, sak 81/16:  
*Med bakgrunn i at komiteen for næring, kultur og idrett 21.11.16 gjorde vedtak på feil søknadsgrunnlag, vert saka teken opp til ny handsaming og komiteen gjer fylgjande vedtak:  
Komiteen har ingen innvending til innstillinga i Herøy Næringsforum, då retningslinjer og forvaltning av RDA-midlar er fulgt.*

Vedtaket i KN-sak 81/16 vart klaga på av Jensholmen Nord v/Sindre Reite. Sindre Reite er registrert i Brønnøysundregisterert som styreleiar for Jensholmen Nord.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde i møte 06.02.2017 slikt vedtak i klagesaka:  
*Komite for næring, kultur og idrett kjem klaga frå Jensholmen Nord delvis i møte.*

*Det vert løyvd 2 millionar av RDA midlane i 2017, til delfinansiering av flytande molo, samt asfaltering av eksisterande molo, samt til å anleggje gjestebrygge med god kapasitet.*

*Eit vilkår for løyvinga er at Jensholmen Nord held anlegget med molo/flytandemolo opne for almenheita, slik at alle som ynskjer det kan nytte anlegget til fiske/rekreasjon. Det er også ein føresetnad at eksisterande molo vert asfaltert og*



*utforma slik att alle kan nytte den. Vidare føreset ein at det vert gjestebrygge, med god kapasitet på anlegget og att den kan nyttast av alle, uavhengig av medlemskap i laget.*

*Grunngiving, komite for næring, kultur og idrett ser att anlegget ligg svært lagleg til i leia og ynskjer å stimulere til at fleire stoppar og kjem sjøvegen til Herøy. Ei gjeste brygge her vil være eit stort pluss for fleire og fleire som nyttar båt til rekreasjon. Vidare ser vi at mange fleire fiskar frå land, tilreisande og fastbuande. Det er viktig å stimulere til trivsel i kommunen og legge til rette stadar der ein trygt mellom anna kan fiske. Etter ei samla vurdering finn ein såleis at anlegget har så stor samfunnsnytte at det kan forsvarast opp mot vedtektene for tildeling av RDA midlar. Samt at det fell inn under Handlingsplan, samfunnsutvikling/infrastruktur mål 2.a.*

### **Avklaring av mynde og innstillingsrett i RDA-saker:**

Rådmannen viser til k-sak 121/10 at Herøy næringsforum har fått delegert mynde til å innstille saker om RDA-midlar(nr. 9), men mynde til å gjere endeleg vedtak skulle ligge til Formannskapet(nr. 10). I same sak står det også at vedtak som vert klaga på skal til den kommunale klagenemnda(nr. 11).

I k-sak 108/15 vert det vist til at i samband med ny politisk struktur(jf. reglement for formannskap og komitear) vart mynde til handsaming av søknadar overført frå formannskapet til komite for næring, kultur og idrett.

I reglement for formannskapet og komiteane(delegasjonsreglementet) står det fylgjande:

*komite for næring, kultur og idrett får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:*

- *Gjere vedtak om tilskot frå RDA-midlar*

Etter rådmannen si vurdering er mynde til å gjere endeleg vedtak om RDA-midlar lagt til komite for næring, kultur og idrett, men det skal leggast stor vekt på innstillinga frå Herøy næringsforum i handsaminga.

Vedtaket kan klagast på og saka skal då attende til komite for næring, kultur og idrett for å vurdere om det kan vere gjort eit feil vedtak. Dersom komiteen held fast på sitt vedtak, går saka til særskilt klagenemnd(klageutvalet).

### **Forvaltningslova og klager**

For å vurdere dei juridiske forholda i vedtaket vert det vist til forvaltningslova sine reglar for handsaming av klager.

*Fvl. § 28 (vedtak som kan påklages, klageinstans)*

*Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).*

I dette tilfellet vil *klageinstansen* vere det kommunale klageutvalet og *underinstansen* er komite for næring, kultur og idrett.

### § 32 (klagens adressat, form og innhold)

*Erklæring om klage skal:*

- a) *fremsettes for det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket; dersom muntlig klage er tillatt, skal erklæringen settes opp skriftlig av vedkommende forvaltningsorgan;*
- b) *være undertegnet av klageren eller hans fullmektig eller være autentisert som fastsatt i forskrift, eller i medhold av forskrift, jf. § 15 a;*
- c) *nevne det vedtak som det klages over, og om påkrevet gi opplysninger til bedømmelse av klagerett og av om klagefrist er overholdt;*
- d) *nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over.*

*Erklæringene bør også nevne de grunner klagen støtter seg til.*

### § 33 (saksforberedelsen i klagesak)

*Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.*

Klagen framsett av Jensholmen Nord/v Sindre Reite som er styreleiar/formann i laget og klagen vart levert innan klagefristen.

Etter ein kontroll av nøkkelopplysningar i Brønnøysundregisteret står det at *Styret i fellesskap* skal signere på vegne av Jensholmen Nord. Det ligg heller ikkje føre skriftleg delegering av mynde frå Styret til Sindre Reite. Klagen er såleis ikkje signert av Jensholmen Nord som er parten med rettsleg klageinteresse. Dette burde vore fanga opp ved klagehandsaminga. Dette lagt til grunn er såleis ikkje vilkåra for å handsame klagen oppfylt, jf. fvl. § 32. Om dette vart fanga opp vil derfor ikkje vilkår for å behandle klagen vere oppfylt og komite for næring, kultur og idrett skal avvise saken. Dersom komite for næring, kultur og idrett meiner Sindre Reite i praksis har rettsleg klageinteresse på vegne av Jensholmen Nord kan komiteen oppheve eller endre vedtaket dersom klagen viser til forhold som ikkje var kjent på vedtakstidspunktet og kunne ført til eit anna vedtak dersom forholda var kjent.

I møtet vart det lagt fram nye tal på estimerte kostnadar knytt til prosjektet. Dersom komiteen vurderer dette som ny informasjon kan komiteen oppheve eller endre vedtaket.

Dersom det ikkje kjem fram ny informasjon verken i klagen eller i møte har ikkje komiteen høve til å endre på vedtaket.

Det var for rådmannen ingen ny informasjon i klagen som kunne ført til ei anna innstilling enn det som var tilrådd tidlegare. Rådmannen tilrådde derfor at komiteen skulle sende saka til det klageutvalet for endeleg avgjerd.

### **Vedtaket i forhold til handlingsplan for Herøy 2016:**

Lokal handlingsplan for Herøy 2016;

1. *Å bidra til eit meir konkurransekraftig og robust næringsliv som motor for lokal og regional utvikling.*
  - a. *Kompetanseutvikling og marknadsføring*

- b. *Prosjekt for å betre befolkningsutvikling / bulyst-tiltak. Auka attraktivitet.*
  - c. *Betre tilbod av sosiale og kulturelle møteplassar.*
- 2. *Betre samfunnsutvikling, kompetanseutvikling og marknadsføring / profilering av Herøy.*
  - a. *Oppløvsbasert næring / reiseliv vert prioritert å bygge opp i denne samanheng.*
  - b. *Kompetanseutvikling og marknadsføring.*
  - c. *Festivalar / spel og konferansar. Minst 5 større arrangement i 2016.*
- 3. *Styrke samferdsel / infrastruktur i Herøy.*
  - a. *Idrett / kultur og badeland.*
  - b. *Betre parkeringssituasjonen til bedriftene i Fosnavåg.*
  - c. *Ny innfartsveg til Fosnavåg.*

Rådmannen meiner tiltaket fell inn under lokal handlingsplan punkt 2. a. slik det er gjort vedtak om og har derfor ingen merknadar til det.

### **Vedtaket i forhold til retningsline for bruk av RDA-midlar:**

#### *III MÅL FOR MIDLANE*

*1. Midlane skal gå til tiltak som gir varige positive effektar for regionane og næringslivet, og ta utgangspunkt i dei langsiktige utfordringane i dei aktuelle områda.*

#### *VI RETNINGSLINER FOR BRUK*

*1. Retningslinjene byggjer i hovudsak på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane.*

#### *3. Midlane*

*kan brukast til ei rekke tiltak innan ulike sektorar for å gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt,...*

*5. Midlane kan brukast til investeringar i fysisk tilrettelegging for næringsverksemd, stadutvikling og liknande.*

#### *VII DIREKTE BEDRIFTSRETTA TILTAK*

*Bedriftsretta tiltak er direkte finansiell støtte til ei eller fleire verksemdar til målretta og avgrensa utviklingsprosjekt eller investeringstiltak*

*6. RDA-midlane kan finansiere inntil 50 % av total kostnadsramme for bedriftsretta tiltak*

*7. Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang eller innretning at den kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande*

*8. Reglane for bagatellmessig støtte seier at ei bedrift kan motta maksimalt 200 000 euro(1.785.800 NOK) over ei tre-års periode.*

Rådmannen vurderer tiltaket som eit prosjekt som vil gje varige positive effektar for regionen og næringslivet og oppfyller såleis kravet i målsettinga med midlane.

I kap. VI står det at midlane kan nyttast til ei rekke tiltak så lenge det gjer næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt. Dette tiltaket oppfyller også dette kravet.

Midlane kan nyttast til investering i fysiske tiltak for næringslivet og prosjekt knytt til stadutvikling og attraktivitet.

Kap. VII tek opp dette med *direkte bedriftsretta tiltak* som er definert som *finansiell støtte til ei eller fleire veksemdar til målretta og avgrensa utviklingsprosjekt eller investeringstiltak*. Tiltaket som det er gjeve støtte til i KN-sak 5/17 er etter rådmannen si vurdering eit slikt tiltak og bør definerast som *direkte bedriftsretta tiltak*.

Når tiltaket er definert som *direkte bedriftsretta tiltak* slår det inn nokre krav som ikkje gjer seg gjeldande i andre saker. RDA-midlane kan maksimalt finansiere inntil 50% av eit slikt tiltak. I denne saka er det innhenta eit pristilbod på 2.994.325,- som vart lagt fram i møte. Vedtak om støtte på 2 millionar utgjer då ca. 66% og er såleis ikkje i tråd til retningslina for RDA-midlar.

Bedriftsretta støtte kan heller ikkje vere av eit slikt omfang eller innretning at den kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande. For at støtta skal vere konkurransevridande må det vere andre verksemdar i område som tilbyr same produkt eller teneste (konkurrentar). I nærområde finn vi bla. Eggesbønes småbåtlag. Rådmannen meiner derfor at det i dette tilfellet kan vere konkurrentar i område og tilskotet kan vere urettmessig konkurransevridande.

Tilskotet som er gjeve er også over kr. 1.785.800,- som er det maksimale støttebeløpet som kan gjevast til *direkte bedriftsretta tiltak*.

#### **Vedtakter for Jensholmen Nord, formål og vedtak:**

Vedtektene for Jensholmen Nord signert 01. mai 2012 seier at *Foreningens formål er å drifte og vedlikeholde bryggeanlegg på Jensholmens nordside*.

Søknaden frå Jensholmen Nord gjeld utbygging av molo og etablering av båtplassar. Dette er ikkje i tråd med formålet til foreninga som berre skal «drifte og vedlikehalde bryggeanlegg». Spørsmålet blir derfor om Jensholmen Nord går ut over sine vedtekter og skal bygge ut og selje båtplassar der kommunen, ut frå vedtektene, ikkje veit korleis eit evt. overskot vil bli brukt. Dersom det er tilfelle at Jensholmen Nord skal bygge ut og selje båtplassar vil dei heilt klart kunne stillast spørsmål ved om dette er ei næringsdrivande verksemd og om dette vil vere eit bedriftsretta tiltak.

Vedtaket som er gjort legg strenge føringar for kva midlane kan nyttast til. Midlane skal nyttast til *delfinansiering av flytande molo, samt asfaltering av eksisterande molo, samt til å anleggje gjestebrygge med god kapasitet*.

Slik rådmannen ser det er dette delvis i tråd med søknaden. Det vert i søknaden datert 24.09.2016 søkt om 4,1 millionar til flytande molo der 3,6 mill. kr. går til Astorplast og 500.000,- til dykkerfirma for fortøyningar.

**Avsluttande kommentar:**

Rådmannen vil avslutningsvis oppsummere dei problemstillingane som er drege opp i saka ovanfor.

1. Har Sindre Reite rettsleg klageinteresse i vedtaket?
  - a. Dersom Sindre Reite ikkje har rettsleg klageinteresse, burde då saka vore avvist av komite for næring kultur og idrett 06.02.2017 då vilkåra for å behandle klagen ikkje var oppfylt?
2. Låg det føre «ny informasjon» i klagebehandlinga?
  - a. Er ein reforhandla pris på prosjektet å rekne som «ny informasjon»?
  - b. Dersom det ikkje låg førre «ny informasjon», skal vedtaket i komite for næring, kultur og idrett då vere avhengig av kven som møter på det aktuelle møtet?
  - c. Kan komite for næring, kultur og idrett gjere vedtak om at det skal gjerast tiltak som ikkje står i søknaden?
3. Er Jensholmen Nord å rekne som i «næringsdrivande verksemd» med tanke på at det her skal byggast ut molo og båtplassar skal seljast vidare?
  - a. Dersom Jensholmen Nord er å rekne som ei næringsdrivande verksemd vil vedtaket som vart gjort 06.02.2017, KN-sak 5/17, vere eit ugyldig vedtak då det strir i mot retningslina for bruk av RDA-midlar kap. VII nr. 6, 7 og 8?

Eg rår til at saka vert lagt fram for kontrollutvalet for vurdering.

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Ole Magne Rotevatn  
Sakshandsamar



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/175
		Arkiv:	146

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/17	Formannskapet	28.02.2017
17/17	Kommunestyret	09.03.2017
6/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10.03.2017
27/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017
	Komite for oppvekst	22.03.2017
	Komite for helse og omsorg	23.03.2017
	Eldrerådet	13.03.2017
	Kommunestyret	06.04.2017

### ÅRSPLAN 2017

#### Møtebehandling:

#### Tilråding/Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.03.2017

#### Møtebehandling:

Krf v/Birgitte Sævik Pedersen kom med slikt framlegg:  
Saka vert utsett til neste kommunestyremøte.  
Administrasjonen saman med komiteleiarane må syte for at Årsplan 2017  
vert handsama i alle komiteane før neste kommunestyremøte.  
Framlegget frå Krf vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i Kommunestyret - 09.03.2017

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte.  
Administrasjonen saman med komiteleiarane syter for at Årsplan 2017  
vert handsama i alle komiteane før neste kommunestyremøte.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017**

1. Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2017 slik han ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at budsjetttrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
3. Kommunestyret er klar over at arbeidssituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon

**Tilråding:**

4. Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2017 slik han ligg føre.
5. Kommunestyret ber om at budsjetttrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
6. Kommunestyret er klar over at arbeidssituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

**Særutskrift:**

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde
- Hovudvernombod
- Kommunerevisjonen

**Vedlegg:**

Vedlegg

1 Samla årsplan 2017.

- Årshjul 2017
- Årsplan for sektorane 2017

**Saksopplysningar:**

Årsplanen for 2017 er bygd på målsettingane og prioriteringane i budsjett 2017.

Hovudpunkta i årsplanen er

1. Stram økonomistyring for å nå måla i budsjettdokumentet om å bygge driftsfond og gjere kommunen meir robust i møte med økonomisk usikre tider.
2. Vidareutvikle tenestene i samsvar med målsettingane i budsjettet. Her vil brukarundersøkingar og oppfølging av brukarundersøkingane vere viktige verktøy.
3. Organisasjonsutvikling basert på Kommunekompasset, jfr eigen oppfølgingsplan. Medarbeidarundersøking og leiaropplæring etter 10-faktor vil vere viktige tiltak. Utviklinga i sjukefråveret vil også verte fylgd nøye.
4. Når det gjeld lokalsamfunn, er gjennomføring av dei vedtekne investeringsprosjekta det sentrale. I tillegg kjem gjennomføringa av innbyggerundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga.

Organiseringa av kommunen under kommunalsjefnivået skal vere på plass innan 01.07.2017. Dette arbeidet er godt i gang og vil nok krevje ein del arbeid 1. halvår.

I årshjulet er det lagt opp til eit dialogmøte om budsjett 2018 mellom administrasjonen og formannskapet allereie i juni 2017. Dette er etter at kommuneøkonomiproposisjonen er lagt fram i mai. På denne måten kan ein kome tidlegare i gang med budsjettarbeidet og unngå at arbeidet hopar seg opp på hausten.


Eg tek vidare sikte på at budsjetttrundskrivet vert lagt fram i mai.

Fosnavåg, 07.02.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann



# Årshjul 2017





# Detaljert årsplan 2017 STAB

## Mål for den kommunale verksemda

I samband med økonomiplan 2017-2020 er det lagt inn 11 overordna mål for den kommunale verksemda.

## Sektorovergripande økonomiske mål for Herøy kommune:

Økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt+rammetilskott. (ca 8,75 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt+rammetilskott. (ca 25 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2015	0,6 %	14.887.000
Ambisjon 2020	1,75 %	23.800.000
Resultatmål 2017	1,0 %	20.000.000
<b>Tiltak i Stab</b>	Budsjett- og økonomioppfølging fast tema på stabsleiarmøte	Ved tett og systematisk budsjett og økonomioppfølging syte for innsparing for Stab kr. 1 440 000,- jf. budsjettvedtak
	Nytte økonomikompetansen i Stab aktivt ved økonomioppfølginga	-
	Budsjett- og økonomirapportering	-

## Sektorovergripande mål for tenesteutviklinga i Herøy kommune.

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde.

Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene:**

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.

<b>Tiltak i Personal- og organisasjonsavdelinga</b>	Gjennomføre 10-faktor (medarbeidarundersøking)	Implementere og ta i bruk nytt tidsregistreringssystem tidBANK
	-	Implementere og ta i bruk elektroniske skjema i høve løn. (Føresetnad: samarbeid med SSIKT og tekniske høve)
	-	Ta del på prioriterte kurs innan personal- og organisasjonsfaget
	-	Gjennomføre opplæring for leiarar
<b>Tiltak i Økonomiavdelinga</b>	-	Kursaktivitet bl.a. knytt til nytt mva-regelverk
<b>Tiltak i Servicetorget</b>	Innbyggjarundersøking	Utarbeide og ta i bruk serviceerklæring
	Ta i bruk tilbake-meldingssystem (HappyOrNot)	Interne kurs knytt til rolla som servicevert
	-	Kurs i kommunikasjon (kommunikasjonsplan og pressemeldingar)
	-	Utarbeide kommunikasjonsplan
	-	Aktivt nytte avvikssystemet Copilo
	-	Gjennomføre CIM-kurs og beredskapsøvingar
<b>Tiltak i IKT-avdelinga</b>	Måle responstid på brukarstøtte (support)	Rutinar i høve nye prosjekt og innkjøp
	Måle løysingstid på innmelde saker	Definere tenesteleveranse og SLA (Service Level Agreement) for SSIKT og lokal IKT-avdeling)
	Måle oppetid på dei ulike fagsystema	Sytle for driftsstabile system
	Måle oppetid på nettverk	-
	Brukarundersøking	-
<b>Tiltak Dokumentsen-ter og pol. sekretariat</b>	-	Endring av mal for saksframlegg, med samandrag av saka
	-	Optimalisere og samordne innsyn/politikk på kommunene sine heimesider (Interkommunal arbeidsgruppe)
<b>Tiltak i Eigedomsavdelinga (Byggdrift)</b>	Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	Alle byggmessige avvik og aktivitetar skal registrerast i avvikssystemet Famac
	-	Auke tal på medarbeidarar med fagbrev frå 4 til 6
	-	Inngå lærlingeavtale med 1 lærling
<b>Tiltak i Eigedomsavdelinga (Reinhald)</b>	Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	Digitalisering av reinhaldsplanar i Famac
<b>Tiltak i Eigedomsavdelinga (Prosjekt)</b>	Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	Alle tiltak skal planleggast, prosjekterast og gjennomførast i samråd med brukaren
	-	Alle tiltak skal evaluerast
<b>Tiltak i Eigedomsavdelinga (Bustadforvaltning og startlån/tilskot)</b>	-	Klargjering av bustad innan 30 dagar etter avlevering frå leigetakar
	-	Utarbeiding av buopplæringsplan for alle nye kontraktshøve
	-	Finansinstitusjonar og brukarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot

### Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
<b>Tiltak i Staben</b>	Leiarutviklingsprogram i samband med medarbeidarundersøking (10-faktor) i regi av KS konsulent	Med bakgrunn i resultat og faktorane i medarbeidarundersøkinga 10-faktor, skal det utarbeidast tiltaksplan innanfor kvar avdeling	Gjennomføre regelmessige IA-møte med partane i IA-ualet	Revidering av arbeidsgjevarpolitikk og rutinar på personalområdet

**Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:**

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
<b>Tiltak i Stab</b>	Obligatorisk opplæring for nytilsette	-	-
	Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevarpolitikken	-	-
	Utarbeide turkart	-	-
	-	-	Annonserer politiske møter og sakliste på Facebook
	-	-	Etablere forslagskasse for innbyggjarane til politikarane
	-	-	Etablere kontaktpunkt for ordførar og innbyggjarar

## Prosjektoversyn Eigdomsavdelinga og IKT-avdelinga:

Prosjekttiltak Eigdomsavdelinga		
Nr.	Prosjekt	Aktivitet
51408	Einedalen skule – fleirbrukshall	Revisjon av byggeprogram
51412	Omsorgsbustadar og base for heimetenesta	Nybygg
60106	Herøy kulturhus og idrettshall	Asbestsanering
		Nye ytterdører og skalsikring
		Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører
		Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen
60604	Hovudbrannstasjon	Forprosjekt - alternative løysingar
61302	Ny bil til eigdomsavdelinga – reinhald	-
61504	Herøy ressurscenter	Forprosjekt
61510	Nedre Dragsund 2 - mindre rehabilitering	Tilrettelegging for utleige.
70016	Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak – gymsal
		Desentralisert ventilasjon – prøveprosjekt
70017	Brannsikring av kommunale bygg	Lukking av branntekniske avvik
70018	EPC – Energisparekontrakt	Fase 1 – Analyse
70020	Herøy omsorgssenter - mindre rehabilitering	Oppgradering av utvendig rømningsveg
		Nye ytterdører og skalsikring
		Rehabilitering av brannseksjonering mot Herøy helsesenter
		Bygging av mindre utebod for kjøkkenavdelinga
70021	Herøy rådhus - mindre rehabilitering	Asbestsanering
		Nye ytterdører og skalsikring
		Nye branndører
		Ombygging av personaltoalett
		Rehabilitering av personheis - forprosjekt
70022	Leikanger skule og grendahus	Tilbygg og rehabilitering
70039	Kvithaugsmyra 4 - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak
70040	Myrsnipa barnehage - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak

Prosjekttiltak IKT-avdelinga	
Prosjekt	Aktivitet
Nytt supportsystem IKT	Testfase
Vurdering nytt skuleadministrativt system	Sjustjernerprosjekt
Flytting av kulturserver/DX-billettsal	Mogleg i februar, men ventar på svar frå DX
Nytt program helsestasjon	Overgang til HsPro saman med Sande (dei andre 5 køyrer dette)
WIFI- Flytte alle WIFI-antenner over til SSIKT	Starta januar - Cisco prime for wlan kontrollere vil forenkle bl.a. utdeling av gjestenett-passord
Flytte internettaksess	Februar/mars
Flytting av ISY-proaktiv	2017
Oppgradering av ShiftManager til ny versjon	Veke 6
Flytting av DB Visma barnehage	Program er flytta til driftssenteret, database ligg igjen lokalt
Prosjekt 10G nettverk	Kjernenettet klart for 10G linjer ut til andre kommunale bygg med fiber. Vert testa mot skular som nyttar streaming
Flytting fiber rådhuskjellar	Tussa og Herøy kommune sin fiber skal trekkast til telorommet i staden for gamle serverrommet. (tussa ville finne ein dato i februar). Full nedetid alle tenester
Utrulling iPad til alle elevar på 1. og 2. trinn	Samarbeid med oppvekstavdelinga som finansierer kjøp av einingane
Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset	2017
Nybygg OBOBH - Eggesbøtun	Trådløs, klientar, AV osv.
Maskinrullering	2017
Nye AV-løysingar møterom rådhus	2017
ID-kort?	2017?
Flytting av låsesystem?	2017?
Flytting av SD-anlegg?	2017?

Fosnavåg den 3. februar 2017

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Kommunalsjef Stab



# Årsplan 2017 Helse og Omsorg

## Mål for den kommunale verksemda

I samband med økonomiplan 2017-2020 er det lagt inn 11 overordna mål for den kommunale verksemda.

### Sektorovergripande økonomiske mål for Herøy kommune:

Økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt+rammetilskott. (ca 8,75 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt+rammetilskott. (ca 25 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2015	0,6 %	14.887.000
Ambisjon 2020	1,75 %	23.800.000
Resultatmål 2017	1,0 %	20.000.000
Tiltak	Til ei kvar tid vurdere tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå). Tenke tidleg intervensjon og førebygging i all tenesteproduksjon. Spare på vikarbruk, redusere overtid og halde stillingar vakante så lenge det er fagleg forsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er mogleg.	Til ei kvar tid vurdere tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå). Tenke tidleg intervensjon og førebygging i all tenesteproduksjon. Spare på vikarbruk, redusere overtid og halde stillingar vakante så lenge det er fagleg forsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er mogleg.

### Sektorovergripande mål for tenesteutviklinga i Herøy kommune.

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde.

Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke utviklingsmål for dei ulike tenestene.

<b>Mål</b>	<b>Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.</b>	<b>Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.</b>
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
<b>Resultatmål barnevern</b>	<b>Barnevernet leverar kvalitativt gode tenester til dei som treng det.</b>	<b>Undersøkelsessaker i barnevern skal følgje krava til tid for undersøking som er i lovverket.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Ingen overskridelser i undersøkelsessaker.
Tiltak	Brukarundersøking fyrste halvår 2017.	Gjennomgang og forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon.
<b>Resultatmål legetenesta</b>	<b>Legetenesta leverar kvalitativt gode tenester.</b>	<b>“Ta tilbake” pasientane til Herøy frå andre kommunar ved så skape trygghet for befolkninga med stabil legedekning.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Rekruttere i henhold til rekrutteringsplan for fastleger.  Sjå på tala og samanlikne med det som årleg vert rapportert ifht bruk av fastlegar i andre kommunar.
Tiltak	Brukarundersøking, fyrste halvår 2017.	Tilsette i 4 ledige heimlar.
<b>Resultatmål psykisk helse</b>	<b>Tal på ungdom som slit psykisk i kommunen, skal reduserast</b>	<b>Auke tal på personar med vedtak på tenester i Psykisk Helse, som har tildelt aktivitetstilbod utanfor eigen heim.</b>
Korleis måle?	Ny kartlegging av status, med betre resultat enn 2015.	Fleire inn i tildelte dagaktivitetstilbod, gruppetilbod og individuelt tilpassa tilbod.
Tiltak	UngData kartlegging, fyrste halvår 2017.	Oppstart av prosjektet “Kvikk” Herøy.
<b>Resultatmål rehabilitering</b>	<b>Fysioterapitenesta leverar kvalitativt gode tenester.</b>	<b>Redusere ventelistene til fysioterapi</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking for dei private fysioterapeutane.	Færre på venteliste.
Tiltak	Utvikle og gjennomføre ei brukarundersøking, slik at ein kan følge utviklinga.	Gode gruppetilbod som gir tilbod til fleire samstundes.
<b>Resultatmål flyktingetenesta</b>	<b>Få på plass gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartane i flyktingetenesta.</b>	
Korleis måle?	Evaluere samarbeidsavtalen mellom NAV, Internasjonal skule og flyktingetenesta.	

Tiltak	Etablere nye faste møtepunkt med andre samarbeidspartar.	
<b>Resultatmål NAV</b>	<b>Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp, jamført med same tidspunkt i 2016</b>	
Korleis måle?	Mindre utbetaling i 2017 enn i 2016.	
Tiltak	Følgje utvikling nøye, og sjå på tiltak for å redusere utbetalinga.	
<b>Resultatmål buhabtenesta</b>	<b>Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.</b>	<b>Kompetanseutvikling i teneste for utviklingshemma.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking	Fleire tilsette med yrkes og høgskulekompetanse i tenesta. Frå 74,5 % til 80% tilsette med utdanning.  Færre dispensasjonar frå for tilsette knytt til HOTL kap 9 om tvang og makt. Frå 8 til 6 dispensasjonar knytt til kap 9 om tvang og makt.
Tiltak	Brukarundersøking i bedre kommune, fyrste halvår 2017.	Målretta kurstilbod, vidare og etterutdanning, og god bruk av fagdagar.
<b>Resultatmål pleie og omsorgstenesta</b>	<b>Eit trygt og godt tenestetilbod til dei som treng det.</b>	<b>Betre kvalitet i demensomsorga</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking i bedre kommune.	Auka tal på tilsette med vidareutdanning innan demens, frå 12 til 15 tilsette.
Tiltak	Brukarundersøking for dagsenter og institusjon, fyrste halvår 2017.	Tilby vidareutdanning til dei som kan vere aktuelle.
<b>Resultatmål pleie og omsorgstenesta</b>	<b>Offensiv satsing på velferdsteknologi</b>	
Korleis måle?	Auke i tal på tilsette med mobilpleie i tenesta frå 24 til 30.	
Tiltak	Auke i lisensar ved behov.  Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg 2017.	

### Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

<b>Mål</b>	<b>Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.</b>	<b>Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.</b>	<b>Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %</b>	<b>Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.</b>
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	Omorganisering. Arbeid med kommunekompasset. Medarbeidarkartlegging. Etter- og vidareutdanning. Brukarundersøkingar. Arbeid med kvalitetssystemet.	Medarbeidarkartlegging. Leiarutvikling. Fokus på medarbeidarskap. God bruk av fagdagar både internt og i samarbeid med andre. Bygge rett og nødvendig kompetanse.	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. God oppfølging av tilsette. Gode arbeidsmiljø. Godt medarbeidarskap.	Medarbeidarsamtalar. Seniorsamtale/ Avtale. Tilrettelegging der det er mogleg.

### Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	<b>Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.</b>	<b>Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.</b>	<b>Herøy kommune skal ha godt omdøme.</b>
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan

Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	Betre snitt enn landssnittet på brukarundersøkingar. Medarbeidarkartlegging.	Helse og omsorgskomiteen har bestilt ei ekstern evaluering, og kartlegging av dagens helse og omsorgstenester. I større grad inkludere frivillige og pårørande inn i arbeidet vårt. Fokus på "Klarspråk" i all informasjonsarbeid. Få klagesaker.	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd.



# Årsplan 2017 Oppvekst

## Mål for den kommunale verksemda

I samband med økonomiplan 2017-2020 er det lagt inn 11 overordna mål for den kommunale verksemda.

### Sektorovergripande økonomiske mål for Herøy kommune:

Økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt+rammetilskott. (ca 8,75 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt+rammetilskott. (ca 25 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2015	0,6 %	14.887.000
Ambisjon 2020	1,75 %	23.800.000
Resultatmål 2017	1,0 %	20.000.000
Tiltak 2017	God budsjett disiplin på drift. Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	Tiltaka for god budsjett disiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.

### Sektorovergripande mål for tenesteutviklinga i Herøy kommune.

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde.

Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke utviklingsmål for dei ulike tenestene.

Satsingsområde	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
<b>Grunnskulen:</b>				
Målretta arbeid med lesing	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3	63,1%	59,9%	65%

Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø	Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring	7.trinn:4,0 10.trinn:4,0	7.trinn:3,9 10.trinn:3,8	Minimum 4,0
	Grunnskulepoeng 10.trinn	42,1	39,9	42
<b>Kulturskulen</b>				
Kvalitet på tilbodet	Brukarundersøking, Fornøgd med total kvalitet	-	-	4,0
<b>Barnehagen</b>				
Mange nok pedagogar til å gi barna eit tilbod i samsvar med lokalt og nasjonalt lovverk.	Pedagogtettleik over minstenorm, for å møte muleg framtidig krav	-	-	50% innan 2020
Godt samspel vaksne-barn og barn-barn.	Brukarundersøking	-	-	5,4
Godt samarbeid med heimen	Brukarundersøking			5,4

### Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

<b>Mål</b>	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5



				% i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	Etter- og vidareutdanning. Nettverk og samarbeid internt og eksternt. Nasjonal satsing på barnehage- og elevmiljø.	Leiarstøtte, opplæring og utvikling. Nettverk og samarbeid i skular og barnehagar. Kompetanseutvikling. Bygge ytterlegare kompetanse på Oppvekstkontoret.	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø Godt kollegaskap.	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar, tilrettelegging der det er muleg

### Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	God kvalitet i barnehagar, skular og kulturskule. Omdømmebygging	Score over middels på aktuelle indikatorar i Elevundersøkinga og Brukarundersøkingar	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd

30.januar 2017



# Årsplan 2017 Samfunnsutvikling

## Mål for den kommunale verksemda

I samband med økonomiplan 2017-2020 er det lagt inn 11 overordna mål for den kommunale verksemda.

### Sektorovergripande økonomiske mål for Herøy kommune:

Økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt+rammetilskott. (ca 8,75 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt+rammetilskott. (ca 25 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2015	0,6 %	14.887.000
Ambisjon 2020	1,75 %	23.800.000
Resultatmål 2017	1,0 %	20.000.000
Tiltak 2017	God budsjett disiplin på drift og månadleg oppfølging. Halde vakanse så lenge det er forsvarleg. Søkje tilskott til utviklingstiltak der det er muleg.	Tiltaka for god budsjett disiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.

### Sektorovergripande mål for tenesteutviklinga i Herøy kommune.

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde.

Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene.**

Satsingsområde	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
<b>Utvikling</b>				
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Fylkesmannen stadfester at klagesaker er i tråd med kommunen sine vedtak	67%	100%	100%

Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det skal gjennomførast brukarundersøkingar (bedrekommune) i 2017 der ein skal ha høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med	-	-	Høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med
<b>Brann</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Resultat 2015</b>	<b>Resultat 2016</b>	<b>Mål 2017</b>
Feiing og tilsyn	Feiing av pipe og tilsyn av ildsted	-	-	Ein skal halde same frekvens som i 2016
Trygg og sikker innsats	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit			0-skadde under innsats
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper	Rapportering gjennom samarbeid			3 kartleggingar
Bekymringsmeldingar	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar			100%
Nasjonale kampanjer	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjer knytt til ansvarsområdet			3 kampanjer
<b>Kultur</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Resultat 2015</b>	<b>Resultat 2016</b>	<b>Mål 2017</b>
Kulturkontor	Godkjend kulturminneplan	-	-	1
	Nye turkart i samarbeid med Sande kommune	-	-	1
Barne- og ungdomsarbeid	Tal besøkande fritidsklubben pr. veke fordelt på to kveldar	(stengt. gr. vasslekkasje)	100 (haust)	100
	Tal saker med uttale frå ungdomsrådet	2	3	5
	Tal gjennomførte ungdomsarrangement pr år.	4	5	10
	Tal deltakarar på UKM	40	43	50
Frivilligsentral	Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset	-	-	100 %
	Etablere nye møteplasser og tiltak	-	-	2
Kulturhus	Tildeling av øvingstider til alle som søker (innan fristen)	-	100 % (ny)	100 %
	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Idrettshall	Tildeling av treningstider til alle som søker (innan fristen)	100 %	71 %	100 %
	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Folkebibliotek	Auke tal aktive personlege lånarar	-	1 122	5 %
	Auke tal arrangement for unge	-	6 (ny)	2
Konserthus	Selte billetter	17 000	15 000	14 000
	Tal arrangement pr. år (40 egne + 20 innleigde)	66 (44 egne og 22 innleigde)	69 (44 egne og 24 innleigde)	60
	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
Kino	Selde billetter	27 843	30 429	29 000
	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år

### Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarepolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrænse tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarepolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjuefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	*Utvikle innbyggardialog *Utvikle politiske saksframlegg *Omorganisering	*Leiaropplæring *Delta i lokale nettverk *Legge til rette for innovasjonskultur *Kundebehandlarpris *Utvikle delegasjon på leiarnivå	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø Godt kollegaskap.	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar, tilrettelegging der det er muleg

### Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan og budsjettvedtak	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggerundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv. Grad av ferdigstilling på prosjekt	Innbyggerundersøking.	Innbyggerundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	*Gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedteke budsjett *Visjon for byutvikling *Bygge ut Solsida park *Vidareutvikle FNP gjennom oppretting utviklingsforum for vekst og utvikling i Herøy *Delta i FOU prosjekt mot "havromet"	Score over middels på aktuelle indikatorar.	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd *SMS undersøking for å måle status på kundetilfredshet *Serviceerklæring *Systematisk bruk av sosiale medie

## Investeringsprosjekt

### Overført:

Prosjekt	Budsjett
Planfri kryssing Frøystadtoppen	24 125 000
Arkeologiske utgravingar	450 000
Miljømudring Fosnavåg	170 000
Strategiske grunnkjøp	11 500 000
Skarabakken, utbetring m.m.	17 000 000
Planlegging av tursti Myklebustvatnet	125 000
Trafikktryggingstiltak	4 000 000
Myrabakken Bustadfelt, Moltu	8 350 000
Opparbeiding Almeningen	1 600 000
Vegarm campus-Myklebustvegen	
Dreneringsgrøfter byggefelt	1 015 000
Infrastruktur byggefelt	4 985 000

Opparbeiding/tilordning Vike-Toftedal	1 355 000
Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak	295 000
Sjøledning avløp Vågsholmen	
Almenningen	1 010 000
Kloakkutbygging	7 975 000
Div. kulturhuset	288 000
<b>Nye:</b>	
Biblioteket, sjølvbetjeningsautomatar	500 000
Nørvågen. Opparbeiding fortau med meir	4 000 000
Eggesbønes. Etablering av nytt industriområde	500 000
Mjølstadneset. Etappevis utbygging	5 625 000
Byutvikling Fosnavåg	5 000 000
Fosnavåg Hamn	5 000 000
Ny bru til Vågsholmen	2 800 000
Trafikktryggingstiltak	1 500 000
Grunnkjøp	3 000 000
Leine hamn, heving av industriveg m.m	500 000
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000
Div. kulturhuset	100 000

02.02.2017







Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/1529
		Arkiv:	243

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
28/17	Komite for næring, kultur og idrett	13.03.2017

### SØKNAD OM RDA-MIDLAR - REHABILITEIRNG AV SUNNMØRSJEKTA ANNA-OLAVA

#### Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 305.000,- til Herøy Kystmuseum sitt prosjekt med Sunnmørsjekta Anna-Olava. Tiltaket er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.c ,2.a og 3.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Herøy kystmuseum v/ Eileen Gjerde  
Økonomiavdelinga

Rådhusgata 5

6090 Fosnavåg

**Vedlegg**

- 1 Søknad om støtte til rehabilitering av Sunnmørsjekta "Anna Olava"
- 2 Soknad-2016-0028
- 3 Reparasjon Sunnmørsjekta

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møte 27.01.2017:  
*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 305.000,- til Herøy Kystmuseum sitt prosjekt med Sunnmørsjekta Anna-Olava. Styret har som forutsetning at Anna-Olava vert synleg også i Fosnavåg sentrum på sommartid og ved aktuelle arrangement etter at rehabiliteringa er ferdig. Dette er ihht. Handlingsplan 2017, mål 1.c ,2.a og 3.a.*

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 13.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0032	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
<b>Prosjektnavn</b>	Rehabilitering av Sunnmørsjekta "Anna Olava"			

### Kort beskrivelse

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt. Jekta ber namnet "Anna Olava" og er stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Den har vore brukt i formidling og til turar og arrangement. Herøy kommune eig jekta, og ansvar for vedlikehald og drift ligg til eigarstyret for kystmuseet.

Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011.

### Prosjektbeskrivelse

Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har sett seg som mål å rehabiliterer jekta slik at ein på nytt kan nå formålet om synleggjering i forhold til kultur, oppleving og reiseliv.

Arbeidet er planlagt gjort ved hjelp av profesjonelle leverandørar på båtmotorar samt bygging og rehabilitering av historiske båtar.

Drift og vedlikehald av jekta er eigarstyret sitt ansvar og driftsbudsjettet skal vere innanfor eit sjølvfinansierande prinsipp. For å sikre at ein har nok ressursar til dette arbeidet ynskjer eigarstyret å etablere ei veneforeining til jekta. Denne er tenkt å ha det daglege arbeidet med drift og vedlikehald av "Anna Olava", samt bidra i utviklinga av korleis jekta kan nyttast framover.

Langs kysten er det mange museum, stiftingar o.a. som driftar og vedlikeheld historiske båtar. Styret meiner at det vil vere nyttig å gjennomføre studietur til eit anna museum/lag for erfaringsutveksling og nettverksbygging.

Etter kvart har styret som målsetjing å byggje eit jektenaust for ivaretaking av båten når den ikkje er på sjøen.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Herøy kystmuseum Org.nr:982451167	Herøy gard 6070 TJØRVÅG	95456945
<b>Kontakt- person</b>	Eileen Gjerde	Rådhusgata 5 6090 FOSNAVÅG	95456945
<b>Prosjekt- leder</b>	Tor Sindre Steinsvik	Rådhusgata 5 6090 FOSNAVÅG	97077209

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Bakgrunn:

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt. Dette er ei av jektetypane ein fann langs kysten, truleg frå middelalderen og til slutten av syttenhundretalet.

Etter funn av gamle båtbord i ei sjøbod på Håkonsholmen i Ulstein, samt teikningar og tekst frå Hans Strøm sine bøker "Søndmørs Beskrivelse", vart Sunnmørsjekta rekonstruert. Skipsingeniør Saxe Bjørkedal og professor dr.philos Arne Emil Christensen stod for arbeidet med å bygge kopien av den 47 fot lange jekta. Prosjektet vart finansiert gjennom ulike sponsorar, tilskotsytarar og personlige aksjar.

Sunnmørsjekta har sidan bygginga primært vore stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Museet har som målsetting å vise ein handelsstad på kysten frå sytten/attenhundretalet og jekta har vore brukt i formidling og til turar og arrangement.

Stiftinga Sunnmørsjekta er avvikla og Herøy kommune er eigar av "Anna Olava". Ansvar for vedlikehald og drift av ligg til eigarstyret for Herøy Kystmuseum.

Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011.

### **Prosjekt mål**

Hovudmål:

Innan utgangen av 2016:

1. Rehabiliterer Sunnmørsjekta "Anna Olava"
2. Etablere veneforeining
3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar

Hvordan skal vi vite om vi når målene?

Havet har vore ein viktig ferdselsåre for Norge til alle tider. Kulturminner og landskap langs kysten vitnar om menneska sitt liv og virke gjennom fleire tusen år. Boplassar frå førhistorisk tid, fiskebruk, fiskeredskapar og foredlingsanlegg, fyrstasjonar, naust, hamneanlegg og brygger er alle kulturminner. Videre er det kulturminner knytt til lostjenesten og ulike navigasjonshjelpemidlar. Eit tilskot til prosjektet gir varig positiv effekt ved å bidra til å nå måla om vern og forvaltning av kulturminner og kulturmiljø, ved å ta vare på ein ressurs som ikkje er fornybar, og som utgjer ein viktig del av vår heilhetlege miljø-og ressursforvaltning.

Forskning på kultur i brei forstand viser at "alle som konsumerer kultur i ein eller annan form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt og har mindre førekomst av angst og depresjon, sammenlikna med folk som ikkje er opptekne av kultur" (Helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag).

### **Forankring**

Prosjektet er forankra i:

1. "Justert avtale mellom Herøy kommune og eigarstyret for Herøy kystmuseum"

Pkt. 2: "Herøy kommune er eigar av Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal vere knytt til eigedommen en Herøy gard. Formålet med å kjøpe jekta, er at den vert verande i kommunen og synleggjort i forhold til kultur, oppleving og reiseliv."

Samt pkt. 4 og 6.

2. "Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel".

Folkehelse; Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga sin helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom m.v. - Kompetanse og næringsutvikling; "Satse på miljøvenleg turismeretta næring".

Barn, unge og identitetsbygging; "Legge til rette for at born og unge får informasjon om Herøy si si fortid og notid og etablere ei identitetskjenne til kommunen".

I tillegg er det sett i gong reguleringsarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedomar. Formålet med planarbeidet er å leggje føringar for den vidare utviklinga av øya Herøy og holmane rundt, sett i ein nasjonal, regional og lokal samanheng.

Styret håpar at reguleringsarbeidet skal leggje til rette for etablering av bl.a. jektenaust.

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar og styringsgruppe er eigarstyret for Herøy Kystmuseum.

Prosjektleder er styreleder Tor Sindre Steinsvik.

Han har erfaring frå drift av kystmuseet samt ulike kulturprosjekt gjennom mange år.

Prosjektleder rapporterer fast i styringsgruppa sine møter (ca. 6 ggr. per år).

Rehabiliteringa skal primært utførast av profesjonelle med kompetanse på båtmotorar og trebåtar. I tillegg vert prosjektet styrka med kompetanse frå Stiftinga Sunnmøre Museum, samt andre museum med erfaring frå utvikling og drift av veneforeiningar og historiske båtar.

### **Samarbeidspartnere**

- Stiftinga Sunnmøre Museum: Kompetanse på rehabilitering, vedlikehald og drift av historiske båtar.
- Herøy kommune, kulturavdelinga: Etablering av veneforeining.

Andre museum/stiftingar/lag og foreiningar: Kompetanse på rehabilitering, vedlikehald og drift av av historiske båtar.

Andre finansieringsmoglegheiter:

- Det er gjort avtale om bidrag frå private sponsorar.
- Det vert vurdert å innføre medlemsavgift i veneforeininga.
- Grunna Herøy kommune sin krevjande økonomiske situasjon er det ikkje søkt om midlar ut over kommunen sitt årlege bidrag til drift av museet.

### **Aktivitetar**

1. Rehabiliter Sunnmørsjekta "Anna Olava".

Tilskotet skal nyttast til materiell og arbeidskostnader for: skifte av gir, overhaling av motorar,

oppgradering av det elektriske anlegget, skifte av mast, reparasjon av innved (bete, forøyningspullert m.m.)

Arbeidet skal utførast av profesjonelle med kompetanse på båtmotorar samt bygging og rehabilitering av historiske trebåtar.

## 2. Etablere veneforeining ved kystmuseet.

I samarbeid med kulturavdelinga er det sett i gong eit arbeid for auka aktivitet på staden med mål å styrke omdømet, omtalen og tilbodet ved museet spesielt og garden generelt. Målet er at fleire skal få eit forhold til staden og aktivitetane, samt ynskje å bidra som friviljuge i veneforeninga. Ei veneforeining vil ha både eit sosialt - og fagleg fokus.

## 3. Auka kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

Kostnader vil omfatte tilskot til studietur til ei gruppe som driv ei samanliknbar satsing annan stad langs kysten. Målet er erfaringsutveksling, kompetanseheving og nettverksbygging.

Tiltaket skal bidra til å styrke kompetansen til friviljuge på rehabilitering, vedlikehald og drift av historiske båtar.

### Målgrupper

- Skuleelevar lærer om båthistorie og å segle jekta som del av skuleformidling.

Besøkande (pilegrimar, bedriftstilsette, turistar, lag og foreiningar, andre) på museet og ved ulike ke arrangement på staden som lærer om båthistorie og å segle jekta.

- Personar som kan eller ynskjer å lære om båthistorie og å segle jekta, samt kan bidra i drift og utvikling av båten (veneforeining).

### Resultat

#### 1. Rehabiliter Sunnmørsjekta "Anna Olava".

- Båten er reparert og seglingsdyktig.

#### 2. Etablere veneforeining.

Friviljug gruppe som bidreg med nødvendige ressursar til drift og utvikling av jekta.

#### 3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

Friviljuge får motivasjon og inspirasjon, samt auka kompetanse og nye nettverk knytt til arbeidet.

### Effekter

#### 1. Rehabiliter Sunnmørsjekta "Anna Olava".

- At jekta kan nyttast til formålet.

- Forventa lavare vedlikehaldskostnader i åra som kjem.

#### 2. Etablere veneforeining.

- Organiserer seg og arbeider etter ein avtalt plan for å sikre førutsigbar og god drift av jekta.

- Ein sosial og fagleg arena for friviljuge der medlemene trives og kjem att gong etter gong.

#### 3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

- Felles utgangspunkt for arbeidet.

- Bidrag til å nå målet om at jekta skal driftast etter eit sjølvfinansierande prinsipp.
- Nettverk å drøfte - og søke råd med.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Nov -15 til Jan -16:

- Tilbod på arbeid knytt til rehabiliteringa
- Val av tilbydarar på rehabilitering
- Rekruttering av frivillige til veneforeining

Feb til april -16:

- Rehabilitering av jekta
- Etablering av veneforeining
- Planlegging og gjennomføring av besøk til anna veneforeining
- Planlegging av aktivitetar som jekta skal nyttast til i perioden mai - sept -16

Mai til sept -16:

- Sjøsetting av jekta
- Kultur, oppleving og reiselivsaktivitetar ved bruk av jekta
- Drift og vedlikehald av jekta
- Drift av veneforeining

Okt til des -16:

- Vinterlagring og vedlikehald av jekta
- Etablere drift- og vedlikehaldsplan for jekta
- Planlegging av aktivitetar som jekta skal nyttast til i -17
- Utarbeide handlingsplan og budsjett for jekta -17
- Drift av veneforeininga
- Utarbeide handlingsplan og budsjett for veneforeininga

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Diverse		10 000				10 000
Kompetanseheving		50 000				50 000
Rehabilitering båtkonstruksjon		100 000				100 000
Rehabilitering motorar/el.anlegg		140 000				140 000
<b>Sum kostnad</b>		<b>300 000</b>				<b>300 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Herøy kommune	280 000					280 000
Sponsormidlar		20 000				20 000



<b>Sum finansiering</b>	<b>280 000</b>	<b>20 000</b>	<b>300 000</b>
-------------------------	----------------	---------------	----------------

## **Geografi**

1515-Herøy

## **Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>

## Søknad - Støtte til forening/frivillig org.

**Prosjektnavn**

Rehabilitering av Sunnmørsjekta "Anna Olava"

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Herøy kystmuseum		Kontaktperson: Eileen Gjerde	
Adresse: Rådhusgata 5		Postnr.: 6090	Poststed: FOSNAVÅG
Mobil: 95456945	Telefon: -		Telefon arbeid: 70081300
E-post: eileen.gjerde@heroy.kommune.no			Bankkonto: 00000000000
Organisasjonsnummer: 982451167			

**Prosjektinformasjon**

Type virksomhet / type støttemottaker  
Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt som ber namnet "Anna Olava" og er stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011. Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har sett seg som mål å rehabiliterer jekta slik at vi på nytt kan nå formålet om synleggjering i forhold til kultur, oppleving og reiseliv.

Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttemottaker

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
Diverse	30 000
Kompetanseheving	0
Rehabilitering båtkonstruksjon	225 000
Rehabilitering motorar/el.anlegg	50 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>305 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	305 000
02.Lån i bank	0
03.Egenkapital	0
04.Eget arbeid	0

05.Andre finansieringskilder	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>305 000</b>

#### Tilskudd fra andre

Ingen.

#### Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Ja

Det vart søkt tilsvarande støtte i 2015 og prosjektet vartr gitt eit tilsagn på kr. 150 000 i RDA-midlar.

Det vart søkt om støtte til fartøyvern i 2016 frå fylkeskommunen og Riksantikvaren , men søknaden vart ikkje imøtekomen.

#### Begrunnelse avslag

#### Andre opplysninger

STATUS 2016:

Det er gjennomført:

- synfaring, samt motteke pristilbod på vøling av Sunnmørsjekta frå Sigurd Bjørkedal & søner synfaring, og vi venter på pristilbod på reparasjon og overhaling av motorane frå Per Gustav av Ostnes

- dugnad for planlegging av det vidare arbeidet, samt etablering av foreløpig presenning synfaring og gjort avtale med eigar av lokale på tidligare Smedvik mek. for vinterlagring av av jekta

FRAMDRIFTSPLAN 2017:

- dugnader for skraping/pussing/smøring samt reparasjon av motorane
- reparasjon og overhaling av motorar og el.anlegg
- vøling av skroget
- etablering av venneforeining

Tilskotet på kr. 150 000 som vi mottok for 2015 vil i hovudsak gå til å dekke kostnader til gir og seildrev, startmotorar samt overhaling av motorane, samt nokre andre mindre kostnader.

For å kome i mål med arbeidet og målsetjinga om vidare bruk av båten trengs det ytterligare tilskot slik beskrive over, og vi håpar at årets tildeling opnar for at arbeidet kan fullførast slik beskrive og at vi på ny får jekta på sjøen og i aktivitet for lokalsamfunnet og andre som besøkjer kommunen.

#### Geografi

1515-Herøy

#### Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Reparasjon Sunnmørsjekta.odt	19 219	31.10.2016
Søknad Anna Olava 2015.pdf	244 040	31.10.2016

Bjørkedal 1 Juni 2016

## Pristilbod på vøling av Sunnmørsjekta.

Etter å ha vore på synfaring og sett på båten har vi ei sterk meining om at det viktigaste som må gjerast er å få tak over båten, slik at ein får tørka han, gjort han rein og smurt han godt. Preseningen må då kome so høgt på midten at ein får arbeide under og at det blir muligheit for god lufting i endane. Viss ikkje dette blir gjort og ferskvatnet får trekke seg meir inn i dei lite smurde matrialane vil rotskadane som er no vekse voldsomt berre på ganske kort tid. Viss vi skal ta på oss å ordne rotskadane som til no er oppdaga, rekk vi ikkje det før tidlegast til neste vår. Ein må både hogge ny mast og finne emne til ny seglbete, noko som må gjerast til vinteren som kjem. Dette gjer det endå viktigare at båten får tak over seg som held ute regnvatnet.

Det som vi har sett som er rotskada og må skiftast er:

- Øvste lause biten av Framstammen
- Bauband og begge svineryggane framme.
- Reparere Vaterbordet på BB side.
- Nytt skvettbord m. Rkkestøtter der vaterbordet er skada.
- Øvste seglbeten med kne SB side.
- Pullert framme på overbygget BB side + litt dekk rundt.
- Lage Rennestokkar (takrenner) i framkant på overbygg bak og bakkant på overbygget framme. Førre desse gjennom båtsida og ut.

Dette kan vi gjere om ca eit år for kr	180 000,-
<u>25% Mva</u>	<u>45 000,-</u>
	<u>225 000,-</u>

Dersom det dukkar opp nye skadar som må utbetrast som ikkje er oppdaga og er på lista over vil vi då fakturere ein timepris på kr 500.- eks. Mva.

Dette er det stor sansynligheit for når vi skal rive og ein kan då oppdage meir rote under.

For Sigurd Bjørkedal & søner.

Ottar Kåre Bjørkedal

Tlf 91593812